



FINANSDEPARTEMENTET

23. SEP. 2004

Saksnr.
Arkivnr.

04, 1847-118

Melding om vedtak

Finansdepartementet
Postboks 808, Dep.

0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
04/00540-3

Sakshandssamar:
Nils Tormod Døving, 70 25 88 35

Arkivkode:
232

Dato:
20.09.04

**Særutskrift: Høring om skatteoppkrevjarutvalet si utgreiing - NOU
2004:12 - Betre skatteoppkrevjing**

Vedtak i Kommunestyret - 16.09.04:

Norddal kommune meiner at skatteoppkrevjinga framleis bør vere ei kommunal eller felles kommunal oppgåve med følgjande grunngjeving:

- Den kommunale modellen resulterer meir nærleik og kontakt med skattytarane. Det gir rom for betre samarbeid mellom oppkrevjar og skuldnar om korleis restansen skal betalast. Dette gir betre rettstryggleik og det beste resultatet på både kort og lang sikt.
- Betre rettstryggleik mellom fastsetjing og oppkrevjing med eit klart organisatorisk og ansvarleg skilje.
- Den ordninga vi har i dag fungerer svært bra – med gode løysingar, god brukarservice og eit godt samarbeid mellom skatteoppkrevjar og skattefut.
- Skatteoppkrevjarutvalet har ikkje uttala seg kva ein statleg modell vil føre med seg av kostnader, problem og proventytpar.
- Den ordninga vi har i dag sikrar dei folkevalde innsyn og kontroll med skatteoppkrevjinga. Den er også eit viktig bidrag til at dei mindre kommunane kan oppretthalde levedyktige innkrevjingsmiljø som ein tek vare på ved både skatt, kommunale avgifter og kommunal fakturering.

Nils Tormod Døving
kommunekasserar

Bente Klakken Osvik
førstesekretær